

## KOMMISJONSVEDTAK

2003/EØS/49/28

av 25. februar 2002

## om lenging av tidsrommet som vedtak 1999/476/EF om miljøkriteriene for tildeling av Fellesskapets miljømerke til vaskemidler, skal gjelde for(\*)

[meldt under nummeret K(2002) 462]

(2002/172/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe, og at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria bør vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 3) Kommisjonen har ved vedtak 1999/476/EF<sup>(2)</sup> fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til vaskemiddel, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket skal gjelde fram til 10. juni 2002.
- 4) Som følge av den nye vurderinga verkar det føremålstenleg at tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og miljøkriteria skal gjelde for, vert lengt utan endringar med 18 månader, slik at dei føretaka som

har fått tildelt miljømerket, kan halde fram med å nytte merket minst inntil revisjonen av vedtak 1999/476/EF er avslutta.

- 5) Tidsrommet som er fastsett i artikkel 3 i vedtak 1999/476/EF, bør difor lengjast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Tidsrommet som definisjonen av og kriteria for produktgruppa med kodennummeret «006» skal gjelde for, og som er fastsett i artikkel 3 i vedtak 1999/476/EF, vert lengt fram til 31. desember 2003.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. februar 2002.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 56 av 27.2.2002, s. 32, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 107/2002 av 12. juli 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 54 av 31.10.2002, s. 20.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 187 av 20.7.1999, s. 52.